

E-post: lesesenteret@uis.no
lesesenteret.no

TIPS TIL LESESTUNDA

Å lesa høgt saman skal ikkje vera komplisert! Finn ei bok barnet liker (eller spør på biblioteket etter gode råd!). Sett de godt til rette, og lesinga er i gang. Her er nokre gode tips viss du har lyst å gjera litt meir ut av lesestunda:

- **Les høgt som ein del av den daglege rutinen**
Å avslutta dagen med ei bok på sengekanten er ein koseleg måte å samlast rundt boka på. Ikkje ver redd for å lesa den same boka om og om igjen, viss barnet vil det!
- **Snakk om boka før lesinga startar**
Skap forventning! Kva trur du denne handlar om? Sjå på bilda, still spørsmål og skap undring saman.
- **Snakk om handlinga undervegs**
Samtale stimulerer barna til å tenka høgt, og du får innblikk i språket til barna, og tankar og oppdagingar som dei har. Lytt til innspelet til barna, snakk vidare om dei, og gled deg over boka saman med barnet ditt!
- **Gå på biblioteket**
Gå på oppdagingsjakt og snakk med bibliotekarane! Dei har garantert gode boktips til dykk.
- **La søsken lesa høgt**
Har barnet eldre søsken? Barn som har lært å lesa, kan oppleve glede og meistring ved å lesa for eit yngre søsken. Eit tips i tidsklemma: Kanskje har eldre søsken ei leselekse som også passar som høgtlesing?

Les for barna!

Lesing lærer barnet om verda



IKKJE VENT TIL BARNA HAR EIT SPRÅK FØR DU BYRJAR Å LESA FOR DEI. LES FOR BARNA SLIK AT DEI FÅR EIT GODT SPRÅK!

Å lesa saman er trygt, koseleg og skapar nærleik. Å lesa saman på sengekanten eller i sofakroken er avslappande og hyggeleg for både stor og liten. Men visste du at det å lesa saman òg er noko av det viktigaste du kan gjera for språkutviklinga til barna? Gjennom lesing blir barnet kjent med lydar, rytmar, rim og reglar. For litt eldre småbarn dukkar det opp ord og omgrep i bøkene som vi ikkje bruker i det daglege. Vi møter på nye univers og spennande hendingar. Å lesa gir barna eit rikt språk og opplevingar som er viktige for å forstå verda og for å setja ord på eigne tankar og erfaringar.

Les saman frå første stund!



GLEDA I Å LESA DEN SAME BOKA OM OG OM IGJEN ...

Å lesa den same boka fleire gongar gir barna ei kjensle av å meistra boka: Eg veit kva som kjem til å skje! Eg hugsar denne boka. Gjentaking gir barna moglegheit til å fokusera på ulike sider ved boka: innhald, illustrasjonar, karakterar, handling og språk. Alt dette er viktig kunnskap for barn som skal veksa opp i eit samfunn der tekst og språk er overalt.

Nettopp fordi gjentakningar er viktige og nødvendige, er det smart å velja bøker som "toler" å bli lese gong på gong òg av oss vaksne.



Å LESA SAMAN ER KOS OG NÆRLEIK

Når vi les, sit vi tett saman, vi har merksemda mot det same og vi deler opplevinga. Gjer det å lesa saman til ein del av rutinen når barna skal legga seg.



BARN SOM BLIR LEST FOR, FÅR EIT BETRE SPRÅK

Forskning viser at barn som er lesne for før dei er 2 år kan fleire ord når dei byrjar på skulen, enn barn som ikkje har blitt lese for tidleg.

LESING + LEIK = SANT

Bøkene verd gir næring til fantasien og barnet sitt kreative og skapande univers!

